



Utviklingscenter for
sykehjem og hjemmetjenester
Hordaland

Prosjektmandat

Prosjektnr	Namn	Saknr
	Vestlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi	
Prosjektfase	2019-2020	
Organisering		
Prosjekteigar: regionrådet i Nordhordland + rådmennene i dei 7 nye kommunane		
Prosjektansvarleg: Rådmannen i Masfjorden kommune (ansvarleg kommune)		
Administrativ styringsgruppe		
<ul style="list-style-type: none">• 1 frå kommunane Austrheim, Austevoll, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Ulvik, Vaksdal og Samnanger• 1 frå kommunane som skal slå seg saman i 2020: Alver, Bjørnafjorden, Voss• 1 brukarrepresentant		
Prosjektleder: Kari Eidnes Bjørkheim		
Prosjektgruppe:		
<ul style="list-style-type: none">• Kari E. Bjørkheim, prosjektleder• Anita L. Sævild, Gro H. D. Løvik, Elin K. Eikemo og Oddrun S. Hoel, prosjektmedarbeidarar• Per Waardal, Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland (USHT)• HTV: Rosalind Instebø• Brukarrepresentant: Eivind Lowzow• 3 frå nye kommunane: Os og Fusa 1, Voss og Granvin 1, Austevoll 1• 1 representantar frå dei opprinelege kommunane: 1 repr. Frå kommunalsjef + 1 vara		
Ressursgruppe		
2 ressurspersonar frå Masfjorden, Meland, Radøy, Lindås, Osterøy, Austrheim, Fedje, Modalen, Gulen, Vaksdal, Ulvik, Voss, Granvin, Austevoll, Os og Fusa.		

Referansegruppe møte 2 ganger i året

Kim Sperstad, samhandlingssjef Haraldsplass diakonale sjukehus (HDS)

Rolf Martin Tande, kommuneoverlege i Masfjorden

Tord Moltumyr, helsesjef i Meland

Unn- Iren Tangedal, HTV- Norsk sykepleierforbund (NSF) i Austrheim

Ingvild Sylta, HTV Fagforbundet i Osterøy

Mabel Johansen, Husbanken

Oddrun Vabø, pensjonistutvalet i Hordaland

Astrid Uthaug, NFU Gulen

Margaret Lilletvedt, NFU Lindås og Masfjorden

Rebekka Vågenes, Ytre Nordhordland demensforening

May Hundvin, NAV Nordhordland

Lars Erling Aarland, rådgjevar informasjonstryggleik/personvern IKT NH

Tore Horne, IKT NH

Karl Johannes Romarheim, brannsjef i Lindås, Meland og Modalen

Torstein Mehus, kommunalteknisk drift i Vaksdal

Hildegunn Baravelli, responscenter i Lindås

Guri Margrete Handeland, HVO nye Bjørnafjorden kommune

XXXXXX Voss sjukhus?

XXXXXX Frivillighetssentralen?

XXXXXX- Nye Bjørnafjorden?

XXXXXXXX - Nye Voss?

XXXXXXXX- Ulvik?

XXXXXXXX-Samnanger?

XXXXXX- Austevoll?

Bakgrunn og forankring

Kommunane i «Vestlandsprosjektet- saman om velferdsteknologi» ynskjer å samarbeide omkring utvikling av gode tenester og kompetansebygging i møte med ny teknologi og morgondagens omsorg. Alle kommunane forventar større press på helse- og omsorgstenestene på grunn av demografiske endringar, og auka oppgåver som resultat

av samhandlingsreforma. Spreidd busetnad og geografi skaper utfordringar for denne sektoren i mange kommunar.

Rett bruk av velferdsteknologi kan føre til at den einskilde brukar i større grad kan oppleve eigenmestring, tryggleik og auka livskvalitet. Dei fleste ynskjer å klare seg mest mogeleg sjølv, og kunne bu i eigen heim.

Masfjorden kommune er ansvarleg kommune og søkte om opptak i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet i samarbeid med Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland. Velferdsteknologiprogrammet tilbyr programkommunane kompetanse, vegleiing og tilskot knytt til innføring av velferdsteknologi, som omfattar både løysingar, implementering og responscenter i samarbeidskommunane.

Dei 16 kommunane er einige om felles strategi og arbeidsmetodikk for implementering av velferdsteknologi. Kommunane har òg forplikta seg til å bidra med erfaringsformidling til andre kommunar i fylket og landet elles.

Samarbeidskommunane har i dag ulik ståstad når det gjeld kompetanse, erfaring og bruk av velferdsteknologi. Lindås kommune gjennomførte eit stort forskingsprosjekt i velferdsteknologi i perioden 2012-2016 og dette er no ein del av ordinær drift, og derfor er Lindås ein ressurskommune for dei andre.

For å nå prosjektmåla er det viktig å starte eit målretta samarbeid og sette i verk tiltak. Ein legg til grunn at ein skal følgje nasjonale føringar, jf. Omsorg 2020. Dette er tidkrevjande arbeid og tiltaka rettar seg mot både brukarar av teneste og tilsette som yter tenester. Det er ei omlegging som påverkar organiseringa av heile helse- og omsorgssektoren.

Hovudmål:

I 2020 er velferdsteknologi ein naturleg del av tenestetilbodet i kommunane som er med i Vestlandsprosjektet- saman om velferdsteknologi. Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø.

Delmål i prosess mot 2020:

1. Brukar

Tenestemottakar mottar tenester som vert supplert av velferdsteknologi og støttar opp om den einskilde sin trong for tryggleik og meistring. Dette skal bidra til at ein:

- 1.1 opprettheld sjølvstendige og aktive liv
- 1.2 opplever tryggleik og meistring i eigen bustad og på institusjon
- 1.3 får hjelp og støtte til å forstå og ta i bruk teknologien

2. Tilsette

Dei tilsette nyttar velferdsteknologi som supplement til sitt daglege virke ved at dei:

- 2.1 utviklar felles visjon, mål, tilnærmingssmåtar og haldningar til tenestene
- 2.2 har kjennskap til velferdsteknologiske løysingar og har kompetanse til å vurdere føresetnadane for og konsekvensane ved å ta i bruk ny velferdsteknologi
- 2.3 har kompetanse til å rettleie brukar av teknologi
- 2.4 opplever at aktiv bruk av velferdsteknologi i tenesta bidreg positivt med omsyn til å behalde og rekruttere kompetent helsepersonell
- 2.5 opplever at arbeidsgjevar satsar på robuste og fleksible teknologiske løysingar, som møter framtida sine utfordringar

3. Bærekraftig utvikling

Velferdsteknologi skal bidra til at kommunane kan tilby fleire tenestemottakarar gode og bærekraftige tenester òg i framtida ved at:

- 3.1 kommunane samordnar bruk av velferdsteknologi, som bidrar til god ressursutnytting og effektive tenester etter BEON prinsippet
- 3.2 kommunane etablera føremålstenlege verktøy for dokumentasjon av gevinstrealisering

4. Samfunn

Velferdsteknologi skal bidra til at:

- 4.1 innbyggjarane opplever at kommunen er godt rusta til å møte utfordringar, ved å kombinere brukartilpassa tenester med velferdsteknologiske løysingar

5. Statistikk og dokumentasjon

Det skal utarbeidast tenleg statistikk som kan vise gevinstar innan:

- 5.1 gjeldande vedtakstimar 2019
- 5.2 tal brukarar i heimetenesta 2019
- 5.3 tal sjukeheimplassar knytt til tal personar i målgruppa

Økonomiske Rammer pr. år 2017-2020

<i>Økonomi/finansiering</i>	<i>Beløp i kr</i>
Tilskot skjønnsmiddlar Fylkesmannen	
Tilskot Fylkesmannen	1 819 000
Samla sum tilskot	
Løn av prosjektleiar	
Løn av prosjektmedarbeidarar	
Driftsutgifter	
Kommunale eigenandelar	

Avgrensingar

Innovativ anskaffing er utført av Lindås kommune. Radøy og Meland vert inkludert i avtalen. Avtalen gjeld frå 2017-2020 med opsjon på ytterlegare 7 år. Kommunane Fedje, Austrheim, Masfjorden, Gulen, Modalen, Osterøy, Vaksdal, Os, Fusa, Austevoll har signert kontrakt om anskaffing av velferdsteknologi 15.02.2019 som gjeld for 4 år med vidare moglegheiter for opsjonar for 2+2+2

Risiko (viktigaste element identifisert ved oppstart)

Risikovurdering blir konkretisert i eigen prosjektplan.

Framdrift:

vert nærare spesifisert i prosjektplan

Aktivitet/oppgåve	2019	2020			Ansvar
FASE 1					
Sende søknad skjønnsmiddlar	x	x			Prosjekt-leiar
Sende søknad opptak nasjonale velferdsteknologiprogrammet for 2017-2020	x				Prosjekt-leiar
Styringsdokument, forankring, økonomi og oppstart	x	x			Prosjekt-leiar
FASE 2					
Informasjon og opplæring	x	x			Prosjekt-gruppa
FASE 3					
Anskaffing og implementering	X	x			Prosjekt-gruppa
FASE 4					
Dokumentasjon, evaluering og slutføre.		X			Prosjekt-leiar



Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
0.1	06.03.2019	Prosjektmandat etablert	Kari Eidnes Bjørkheim